



DEN NORSKE KYRKJA
Grindheim sokneråd

MØTEBOK

MØTESTED	DATO	FRA KL	TIL KL
«Nystova»	03.11.2015	19.30	22.25

TIL STEDE PÅ MØTET:

MEDLEMMER	Vigdis Finseth, Liv Vasland, John Øydna, Lise Finseth Løland, Ragnhild Margrete Huseby Solås, Trond Flottorp, Geir Ola Tveit		
VAREMEDLEMMER	Vigdis Sætre Koppen		
ANDRE	Elisabeth Seland		
FORFALL		ANDAKT	Ragnhild Solås

GODKJENNING AV INNKALLING: Ingen merknader	GODKJENNING AV REFERAT FRA MØTE 06.10.15: Ingen merknader	GODKJENNING AV SAKSLISTE: Ingen merknader
--	---	---

Behandling av saker:

30/15, 31/15, 32/15, 33/15, 34/15, 35/15, 36/15, 37/15, 38/15

Underskrift:

--

TIL MEDLEMMER AV GRINDHEIM SOKNERÅD:

Vigdis Finseth, Liv Vasland, John Øydna, Lise Finseth Løland, Ragnhild Margrete Huseby Solås, Trond Flottorp

Eventuelt lovlig forfall meldes menighetssekretær via SMS (456 00 886) slik at varamedlem kan kallast inn.

INNKALLING TIL MØTE 3. november KL. 19.00

MØTESTAD: «Nystova»

Ansvar for andakt og bevertning: Ragnhild

- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av referat frå møte 06.10.15
- Godkjenning av saksliste

Saksliste:

Sak 30/15: Offerliste 2016

Sak 31/15: Forslag til møteplan for Grindheim sokneråd 2016

Sak 32/15: Trosopplæringsplan for kvar kyrkjelyd

Sak 33/15: Organisering av trosopplæringsarbeidet

Sak 34/15: Val av vararepresentant til Audnedal kirkelige fellesråd

Sak 35/15: Val av tre leke medlemmar til bispedømmerådet

Sak 36/15: Forslag til budsjett 2016

Sak 37/15: Kirkens Nødhjelp-kontakt

Sak 38/15: Svar til bedehuset vedrørende framtidig konfirmasjonsarbeide

Evt.

Sak nr: 30/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 317	Saksbehandlar: ES
------------------	-----------------------	---------------	----------------------

Saksframstilling - Offerliste 2016

Vedlagt følgjer offerliste for Grindheim kyrkjelyd 2016. I 2015 var det fire ofringar til kyrkjelyden. Leiar av soknerådet har mottatt alle offersøknadene og tar disse med til soknerådsmøtet.

I 2015 var følgjande organisasjonar satt opp: Blå Kors, Bibelselskapet, Kirkens Nødhjelp, Maritastiftelsen, Bibelskolen i Grimstad, Ungdom i oppdrag, Normisjons ungdomsarbeidar på Byremo og Evangeliesenteret.

I tillegg kjem offer til kyrkjelyden, trusopplæringa i Konsmo og Grindheim, Kyrkjelydens misjonsprosjekt (NMS) og Byremo og Sveindal søndagsskuler.

Kyrkjelydens årsmøte er foreslått etter gudstenesta 28. februar om mulig.

Forslag til vedtak

Forslaget til offerliste 2016 godkjennast med soknerådets tillegg til offerfordeling.

Behandling i soknerådet sak 30/15 - 03.11.15

Forslaget til offerliste 2016 godkjennast etter litt snakk og grubling med soknerådets tillegg og endringer til offerfordeling. Gudstenesta 24.07.16 kl. 1100 blei flytta til 17.17.16 kl. 1600.

Vedtak i soknerådet sak 30/15 - 03.11.15

Forslaget til offerliste 2016 godkjennast einstemmig med soknerådets tillegg og endringer til offerfordeling. Gudstenesta 24.07.16 kl. 1100 blei flytta til 17.17.16 kl. 1600.

Vedtatt gudstenesteliste for GRINDHEIM KYRKJE 2016 vedlegg til sak 30/15 - 03.11.15				
Dato	Kl.	Offer til	Kyrkjevert	Andre ting
24.01.16	Kl. 11.00	Bibelselskapet	Vigdis F.	
14.02.16	Kl. 11.00	NMS Misjonsprosjektet	Vigdis F.	
28.02.16	Kl. 19.30	Arbeid i kyrkjelyden	Vigdis F.	Kyrkjelydens årsmøte?
13.03.16	Kl. 11.00	Berur street care international	Liv	
24.03.16	Kl. 11.00	Åpne dører	Liv	Skjærtorsdag
28.03.16	Kl. 11.00	NMS Misjonsprosjektet	Liv	2. påskedag
10.04.16	Kl. 11.00	Konfirmanter bestemmer formål	John	Samtalegudsteneste
01.05.16	Kl. 11.00	Kirkens bymisjon Krsand	John	
15.05.16	Kl. 11.00	Maritastiftelsen	John	Pinsedag
17.05.16	Kl. 13.00	Kirkens nødhjelp	Lise	Grunnlovsdag
29.05.16	Kl. 19.30	Arbeid i kyrkjelyden	Lise	
19.06.16	Kl. 11.00	Trusopplæringa i Konsmo og Grindheim	Lise	Friluftsgudst. felles med Konsmo
17.07.16	Kl. 16.00	Ungdom i oppdrag	Ragnhild	
28.08.16	Kl. 11.00	Arbeid i kyrkjelyden	Ragnhild	Konfirmasjon
25.09.16	Kl. 11.00	Stefanusalliansen	Ragnhild	
16.10.16	Kl. 11.00	NMS Misjonsprosjektet	Trond	
06.11.16	Kl. 11.00	Kirkens SOS	Trond	Allehelgensdag
27.11.16	Kl. 11.00	Byremo og Sveindal søndagsskuler	Trond	
24.12.16	Kl. 14.00	Blåkors	Vigdis K.	Jolekvelden
31.12.16	Kl. ?		Vigdis K.	

Sak nr: 31/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 012,1	Saksbehandlar: ES
------------------	-----------------------	-----------------	----------------------

Saksframstilling - forslag til møteplan for Grindheim sokneråd 2015

Møtedatoer «Nystova»	Saker	Andakt/kaffi
16. februar kl.19.00	Revisjonsmelding Grindheim sokneråd 2015 Revisjonsmelding Menighetsbladet 2015 Årsmelding Grindheim kyrkjelyd 2015 (til 28. februar)	Vigdis Finseth
19.april kl.19.00	Dugnad på kyrkjegarden Arbeid i Grindheim kyrkjelyd	Liv Vasland
7. juni kl.19.00	Brannøving 50-årskonfirmanter Arbeid i Grindheim kyrkjelyd	Lise Finseth Løland
6 .september kl.19.00	Arbeid i Grindheim kyrkjelyd	Ragnhild Margrete Huseby Solås
8. november kl.19.00	Gudsteneste- /offerliste 2016 Møteplan 2016 Budsjett 2016	Trond Flottorp

Forslag til vedtak

Forslaget til møteplan for Grindheim sokneråd 2016 godkjennast.

Behandling i soknerådet sak 31/15 – 03.11.15

Forslaget til møteplan for Grindheim sokneråd 2016 godkjennast med endring i klokkeslett.

Vedtak i soknerådet sak 31/15 – 03.11.15

Forslaget til møteplan for Grindheim sokneråd 2016 godkjennast einstemmig med endring i klokkeslett.

Møtedatoer «Nystova»	Saker	Andakt/kaffi
16. februar kl.19.30	Revisjonsmelding Grindheim sokneråd 2015 Revisjonsmelding Menighetsbladet 2015 Årsmelding Grindheim kyrkjelyd 2015 (til 28. februar)	Vigdis Finseth
19.april kl.19.30	Dugnad på kyrkjegarden Arbeid i Grindheim kyrkjelyd	Liv Vasland
7. juni kl.19.30	Brannøving 50-årskonfirmanter Arbeid i Grindheim kyrkjelyd	Lise Finseth Løland
6 .september kl.19.30	Arbeid i Grindheim kyrkjelyd	Ragnhild Margrete Huseby Solås
8. november kl.19.30	Gudsteneste- /offerliste 2016 Møteplan 2016 Budsjett 2016	Trond Flottorp

Sak nr: 32/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 363	Saksbehandlar: IB
------------------	-----------------------	---------------	----------------------

Saksframstilling - trusopplæringsplan for kvar kyrkjelyd

Frå 2015 ynskjer Kirkerådet at kvart sokneråd skal utarbeide sin lokale plan for trusopplæringsarbeid i kyrkjelyden. Dette mellom anna for å lette rapporteringsarbeidet. Sokneråda får nå eit sterkare band til planen og vil på den måten kunne bidra til å prioritere tiltak for sin kyrkjelyd. Budsjett og økonomiarbeid vil framleis være knytt til Audnedal kirkelige fellesråd.

Etter Kyrkjevalet 2015 har kvart sokneråd ein representant i Styringsgruppa for trosopplæring.

Vedlagt er gjeldande plan for trosopplæringsarbeidet i Audnedal og Åseral.

Forslag til vedtak

Sokneprest Geir Ola Tveit og representant i styringsgruppa Ragnhild Huseby Solås, vil saman med resten av styringsgruppa utarbeide forslag til plan for trosopplæringsarbeidet i Grindheim kyrkjelyd.

Behandling i soknerådet sak 32/15 – 03.11.15

Det blei foreslått at sokneprest Geir Ola Tveit og representant i styringsgruppa Ragnhild Huseby Solås, vil saman med John Øydna utarbeide forslag til plan for trosopplæringsarbeidet i Grindheim kyrkjelyd. Ragnhild kaller inn til møte.

Vedtak i soknerådet sak 32/15 – 03.11.15

Soknerådet vedtar einstemmig at sokneprest Geir Ola Tveit og representant i styringsgruppa Ragnhild Huseby Solås, vil saman med John Øydna utarbeide forslag til plan for trosopplæringsarbeidet i Grindheim kyrkjelyd. Ragnhild kaller inn til møte.

Sak nr: 33/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 363	Saksbehandlar: IB
------------------	-----------------------	---------------	----------------------

Saksframstilling – Organisering av trosopplæringsarbeidet

Styringsgruppa for trosopplæring i Audnedal og Åseral hadde 13. august 2015 drøftingsmøte med trosopplæringsrådgiver Frode Eikrem. Vigdis Finseth (leiar Grindheim sokneråd) og Liv Birkeland (leder Konsmo menighetsråd) var og tilstade på møtet.

Vedlagt fyljer sak 8/15 frå styringsgruppa. Der er mellom anna forslag om å dele opp trosopplæringsarbeidet mellom Audnedal og Åseral for å få større utbytte av ressursane lokalt. Det vil framleis vere moglegheit for samarbeid.

Forslag til vedtak

Grindheim sokneråd vedtar å dele opp trosopplæringsarbeidet mellom Åseral og Audnedal frå 01.01.16.

Behandling i soknerådet sak 33/15 – 03.11.15

Grindheim sokneråd vedtar einstemmig å dele opp trosopplæringsarbeidet mellom Åseral og Audnedal frå 01.01.16.

Vedtak i soknerådet sak 33/15 – 03.11.15

Grindheim sokneråd vedtar einstemmig å dele opp trosopplæringsarbeidet mellom Åseral og Audnedal frå 01.01.16.

Sak nr: 34/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 002.3	Saksbehandlar: ES
------------------	-----------------------	-----------------	----------------------

Saksframstilling - Val av vararepresentant til Audnedal kirkelige fellesråd

Frå Grindheim sokneråd skal det veljast ein vararepresentant til Audnedal kirkelige fellesråd.

Forslag til vedtak

Saka leggjast fram utan forslag til vedtak.

Behandling i soknerådet sak 34/15 - 03.11.15

Liv Vasland blei foreslått til vararepresentant i Audnedal kirkelige fellesråd.

Vedtak i soknerådet sak 34/15 - 03.11.15

Liv Vasland blei einstemmig vald til vararepresentant i Audnedal kirkelige fellesråd.

Sak nr.: 35/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 002.2	Saksbehandlar: ES
-------------------	-----------------------	-----------------	----------------------

Saksframstilling - Val av tre leke medlemmar til bispedømmerådet

Det indirekte valet gjennomførast av dei nyvalde sokneråda i bispedømmet. Ein skal bruke dei vedlagte røystesetlane. Dei kandidatane som allereie er valde, er strøket ut på røystesetlane. Avstemningsmetoden er elles lik som den som blei brukt under det direkte valet (sjå nedst på røystesetlane). Brosjyrar med presentasjon av medlemmer vedleggjas innkallinga til møtet.

§ 2-14. Stemmegivning i indirekte omgang

(1) Stemmegivning ved indirekte valgomgang foregår på et menighetsrådsmøte og skal være skriftlig. Hvert enkelt lekt medlem av menighetsrådet avgir stemme.

(2) De samme regler for hva velgeren kan gjøre med stemmeseddelen gjelder i indirekte omgang som i direkte valgomgang, jf. § 2-13 andre og tredje ledd, men før stemmegivningen skal de fire som er valgt til medlemmer av bispedømmeråd og Kirkemøtet ved direkte valgomgang være strøket frå valglisten(e), jf. § 2-5 fjerde ledd bokstav b.

(3) Hver stemmeseddel legges i en separat nøytral stemmeseddelkonvolutt som lukkes i møtet og sendes sammen med et følgeskriv i nøytral omslagskonvolutt direkte til valgrådet innen 1. desember.

(4) I følgeskrivet skal det gis opplysninger om navn på menighetsrådet, hvor mange stemmeberettigede som var til stede og hvor mange stemmer som ble avgitt. Følgeskrivet skal signeres.

Forslag til vedtak

Saka leggjast fram utan forslag til vedtak.

Behandling i soknerådet sak 35/15 – 03.11.15

Soknerådet avga sine stemmer til bispedømmerådvalet.

Vedtak i soknerådet sak 35/15 – 03.11.15

Soknerådet avga sine stemmer til bispedømmerådvalet.

Sak nr.: 36/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 11	Saksbehandlar: ES
-------------------	-----------------------	--------------	----------------------

Saksframstilling – Forslag til budsjett 2016

Vedlagt ligger forslag til budsjett 2016.

Grindheim sokneråd				
<i>Forslag til budsjett 2016</i>				
INNTEKTER:	Budsjett 2016	Budsjett 2015	Regnskap 2014	
Offer	kr -30 000,00	kr -20 000,00	kr	-39 385,00
Kirken Nødhjelp	kr -20 000,00	kr -30 000,00	kr	-18 453,00
Kyrkjelydskassa	kr -20 000,00	kr -12 500,00	kr	-21 966,00
SKIRK				
Offer lokalt (søndagsskoler)	kr -4 000,00	kr -6 000,00	kr	-4 092,00
Offer fam. Solås	kr -8 000,00	kr -8 000,00	kr	-7 656,00
Refusjoner	kr -5 000,00	kr -5 000,00	kr	-6 731,00
Renter	kr -500,00	kr -500,00	kr	-408,13
Bruk av fond				
Sum driftsinntekter	kr -87 500,00	kr -82 000,00	kr	-98 691,13
KOSTNADER:				
Sendt offer	kr 30 000,00	kr 20 000,00	kr	39 385,00
Kirkens Nødhjelp	kr 20 000,00	kr 30 000,00	kr	18 453,00
Gebyr	kr 500,00	kr 500,00	kr	283,00
Dåpsmateriell	kr 3 000,00	kr 1 000,00	kr	2 788,50
Konfirmantarbeid	kr 3 000,00	kr 5 000,00	kr	2 331,00
Flygeblad	kr 1 000,00	kr 1 000,00	kr	-
Mat	kr 2 000,00	kr 1 500,00	kr	342,00
Kurs	kr -	kr 2 000,00	kr	-
SKRIK-aksjonen			kr	-
Offer lokalt arbeid (søndagssk)	kr 4 000,00	kr 6 000,00	kr	4 092,00
Fam. Solås	kr 8 000,00	kr 8 000,00	kr	7 656,00
Blomster og diverse	kr 1 000,00	kr 1 000,00	kr	472,00
Brudebibler	kr 3 000,00	kr 3 000,00	kr	-
Diverse	kr 3 000,00	kr 3 000,00	kr	43 341,50
Avsatt til fond- arbeid i kyrkje	kr 7 000,00			
Honorar	kr 2 000,00		kr	2 000,00
Avskjedsmarkering Olav Lehne			kr	15 483,00
Sum driftskostnader	kr 87 500,00	kr 82 000,00	kr	136 627,00

Forslag til vedtak

Soknerådet godtar budsjettet for 2016.

Behandling i soknerådet sak 36/15 – 03.11.15

Soknerådet godtar budsjettet for 2016.

Vedtak i soknerådet sak 36/15 – 03.11.15

Soknerådet vedtek einstemmig budsjettet for 2016.

Sak nr.: 37/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 002.3	Saksbehandlar: ES
-------------------	-----------------------	-----------------	----------------------

Saksframstilling - Kirkens Nødhjelp-kontakt

Frå Grindheim sokneråd skal det veljast ein kontaktperson for Kirkens Nødhjelp. Personen vil mellom anna ha ansvar for gjennomføring av fasteaksjon i lag med sokneprest og konfirmantar.

Forslag til vedtak

Saka leggjast fram utan forslag til vedtak.

Behandling i soknerådet sak 37/15 - 03.11.15

Vigdis Finseth blei foreslått som kontaktperson for Kirkens Nødhjelp.

Vedtak i soknerådet sak 37/15 - 03.11.15

Vigdis Finseth blei einstemmig vald til kontaktperson for Kirkens Nødhjelp.

Sak nr.: 38/15	Møtedato: 03.11.15	Arkiv: 332	Saksbehandlar: ES
-------------------	-----------------------	---------------	----------------------

Saksframstilling – Svar til bedehuset vedrørende framtidig konfirmasjonsarbeide
Bedehuset/potensiell ny menighet har utfordra kirka til å fortelje kva dei vil med hensyn til framtidig konfirmasjonsarbeid. Dei ynskjer svar innen november 2015.

Forslag til vedtak

Behandling i soknerådet sak 38/15 – 03.11.15

Presten fortalde om sitt syn, og las opp eit skriv som er eit forslag til svar til bedehuset/potensiell ny menighet.

Vedtak i soknerådet sak 38/15 – 03.11.15

Soknerådet vedtok einstemmig å gå for prestens skriv som svar til bedehuset/potensiell ny menighet på vegne av Grindheim sokneråd.

Prestens skriv, vedlegg til sak 38/15 – 03.11.15

Kva vil kyrkja med konfirmasjonstida?

Konfirmantundervisninga er så vidt komen i gong. Eit nytt kull skal ta del i undervisninga fram mot den store dagen neste haust.

Kyrkja har ein plan med konfirmasjonstida. I den lokale planen heiter det at « formålet med konfirmasjonstida er å vekke og styrke truas liv som blir gjeven i dåpen for at dei unge kan leva i kyrkjelydens fellesskap og veksa som Jesu Kristi disiplar.»

Konfirmasjonstida skal gje kjennskap til den treeinige Gud, bidra til kristen livstolking og livsmestring og utfordra til engasjement og deltaking i kyrkja og samfunnslivet.

Konfirmasjonstida handlar om dei sentrale sidene ved trua. Trua er retta mot ein person – Jesus – og tru handlar om tillit til han. Derfor må Jesu person og gjerning vera heilt sentralt i konfirmanttida. Kva inneber det for meg å leva i tru på Jesus? Undervisninga skal knytast til det livet vi lever.

Kva skjer i gudstenesta? Er truedkjenninga og Fadervår viktig i våre dagar? Kva inneber dåp og nattverd? Kvifor lesa i Bibelen? Slike spørsmål blir tatt opp i konfirmanttimane.

Kyrkja har verdas beste budskap. Det vil vi med stort frimod gje til konfirmantane. Vår lutherske tradisjon inneber ein rikdom og dannar eit solid grunnlag for eit sunt trusliv. Samstundes er det viktig med dialog. Kva tankar konfirmantane har i møte med budskapen er det viktig å lytte til og tala saman om. Ein konfirmanttime med mange kommentarar og innspel frå konfirmantane blir ein god konfirmanttime.

Det er ikkje semje om alle teologiske spørsmål i kyrkja vår. Det må vi vera opne om. No for tida er det likekjønna samliv det stridast om. Planane legg ikkje opp til at dette skal bli ei omfattande sak i undervisninga, men det vil vera galt å la vera å nemna dette spørsmålet. Kyrkja har to syn på likekjønna samliv, og det må og koma fram i undervisninga.

Grindheim sokneråd